

# *Mozart og Salieri*

*Av Aleksander Pusjkin*



*Med  
Agnete G. Haaland  
og Marit Østbye*

# KUNST OG KONFRONTASJON


*"Medan publikum tyst drakk inn Mozarts harmoniar til den første framсыninga av Don Giovanni, skar ei høg plystring gjennom lufta. Publikum vende seg i undring og indignasjon, og såg den namngjetne Salieri gå ut av salen, rasande av misunning. Salieri døydde for åtte år sidan og nokre tyske blad skreiv då at han ved dødsleiet skal ha vedkjent seg ei grusom misgjerning; han hadde forgifta den store Mozart. Eit menneske som vart driven av misunning til å plystre under Don Giovanni, ville ha vore i stand til å forgifte skaparen av verket"*



Dette skreiv Pusjkin til forsvar for seg sjølv to år etter at han hadde skrive *Mozart og Salieri*. I den vesle tragedien hadde han rørt ved eit kontroversielt emne. Salieri hadde vore ein av dei største komponistane i samtida, med ein karriere som langt overskygde Mozarts. Skuldinga for mord og mordtilståinga vart teke på alvor av Salieris tilhengjarar, som hevda at Salieri var mentalt redusert og ikkje visste kva han sa på slutten. I Russland gjekk ein poet til åtak på Pusjkins tragedie fordi handlinga ikkje var faktisk korrekt.

Jamvel om det var uklart om handlinga i tragedien var fiksjon eller røyndom, så er temaet for tragedien meir eintydig: Kunst i konfrontasjon; To kunstnarar med ulikt syn og ulik skaparevne møtest. Nokre år tidlegare hadde det rasa ein kunststrid i Europa mellom dei to operakomponistane Gluck og Piccini. Pusjkin kjende til denne striden. Spørsmålet om kva som eigentleg er sann kunst og korleis slik kunst blir skapt, kan ha fleire svar. I *Mozart og Salieri* blir to kunstnarlege uttrykksmåtar sette i kontrast til kvarandre - det naturgitte nyskapande geniet mot den talentfulle formmedvitne tradisjonsberaren.

*Kjelde: Antony Wood: Introduction. Mozart and Salieri.*




## WOLFGANG AMADEUS MOZART (1756-1791)

Austriisk komponist som skreiv originale komposisjonar alt 6-7 år gammal. Han etterlét seg over 600 verk, deriblant om lag 50 symfoniar, 33 sonatar for fiolin og klaver, 25 klaverkonsertar, 23 strykekvartettar, 18 sonatar, 15 messer og 11 operaer. Mozart var fri kunstnar utan fast stilling hos fyrste eller kyrkje i fleire år. I 1787 vart han keisarleg kammerkomponist. Han døydde 36 år gammal og vart gravlagd på fattigkyrkjegarden i Wien.

## KUNSTNARAR SOM ER NAMNGITTE:

**BEAUMARCHAIS (1732-99)** Fransk komedieforfattar - skreiv mellom anna skodespelet **FIGARO** som også vart libretto til Mozarts opera - **DANTE (1265-1321)** Italiensk diktar, kjend for *Den guddomlege komedien* - **GLUCK (1714-87)** Tysk komponist - skreiv mellom anna operaen **IPHIGÉNIE EN TAURIDE** i konkurranse med Piccini - **HAYDN (1732-1809)** Austriisk komponist - **MICHELANGELO (1475-1564)** Italiensk bilethoggar, målar og arkitekt - **PICCINI (1728-1800)** Italiensk komponist - skreiv mellom anna **IPHIGÉNIE EN TAURIDE** i konkurranse med Gluck - **RAFAEL (1483-1520)** Italiensk målar og arkitekt - måla mellom anna **MADONNA**.



## ANTONIO SALIERI (1750-1825)

Italiensk komponist som skreiv om lag 40 operaer, kyrkjemusikk, ein symfoni, konsertar for orgel, klaver, obo og fløyte. Salieri var elev av den tyske komponisten Gluck, og i perioden 1788-1824 var han tilsett som hoffkapellmeister i Wien. Han var lærar for Beethoven, Schubert, Liszt og andre, og vart rekna som ein av dei største komponistane i samtida.

### TIL VIDARE ARBEID: NORSK KUNSTNARSTRID

I 1830-åra fann ein strid stad i Noreg som i synet på kunst har likskapstrekk med den mellom Mozart og Salieri. Frontfigurar og motpolar var Henrik Wergeland og Johan Sebastian Welhaven. Kva vart dei to "partia" kalla, og kva stod dei for? Kven liknar Mozart, og kven liknar Salieri? Korleis?

## PUSJKIN (1799-1837)

"Eg er versemakar og poet, kort og godt  
Pusjkin, ingen riking eller hoffmann. (...)

*Eg er borgar, rett og slett" Frå Pusjkin "Mi ættetavle"*

Den folkekjære russiske diktaren Aleksander Sergejevitsj Pusjkin gjorde eit eineståande nybrottsarbeid med å få det russiske folkemålet på trykk - i drama, epos, prosa og framfor alt i lyrikk. Pusjkin var fødd inn i lågadelen i Moskva i 1799. Det politiske innhaldet i dikt som sirkulerte i avskrift over heile landet var grunnen til at han 20 år gammal vart send i utlegd til Sør-Russland. Mange av hans djupaste og mest personlege dikt er frå denne tida og han henta rike inntrykk av russisk folkeliv og tradisjon. Etter seks år i utlegd tok Tsar Nikolaj I i 1826 Pusjkin til nåde og knytte han til hoffet med eit atterhald: Tsaren kravde sjølv å vere Pusjkings sensor. I denne tida skreiv Pusjkin mellom anna sine fire små tragediar: *Mozart og Salieri*, *Den gjerrige riddaren*, *Steingjesten* og *Festen under pesten*. Pusjkings hovudverk *Jevgenij Onegin* (1823-31), ein roman på vers, vart også avslutta. Pusjkin vart drepen i ein duell ved hoffet i Petersburg nær 38 år gammal. Om lag 50 000 menneske frå alle lag av folket skal ha vandra framom kista hans dei tre dagane han låg i heimen. Pusjkin hadde gitt landet ein nasjonal litteratur der det russiske folkemålet avspeglar russisk miljø, historie og tradisjonar. Rimskij-Korsakov brukte i 1898 historia om Mozart og Salieri som libretto for operaen *Mozart og Salieri*. Peter Scaffers skodespel *Amadeus* som i 1984 vart filmatisert av Milos Forman, byggjer på den same teksten. Som dramatikar er Pusjkin først og fremst kjend som forfattaren av *Boris Godunov* (1825).

*Kjelde: Olav Rytter: "Aleksander Pusjkin. Liv og verk" Innleiing til Jevgenij Onegin. Samlaget 1992.*



# MOZART OG SALIERI

## av Aleksander Pusjkin

Omsett av Edvard Hoem



**MOZART**  
Agnete G. Haaland

**SALIERI**  
Marit Østbye

**PIANO**  
Joachim Kjelsaas Kwetzinsky

**REGI**  
Hilde Andersen

**KOSTYME/FELESPELAR**  
Mette Göransson

**MASKE**  
Torunn Løken


**Première 17. desember 1994**  
**Scene 2, Det Norske Teatret**

Produsert med støtte frå  
Fond for Utøvande Kunstnarar  
Takk til Det Åpne Teater, Det Norske Teatret og  
Riksteatret for hjelp i prøvetida.

Framsyninga er produsert av  
Thalias Døtre og kan tingast hos  
Agnete G. Haaland tlf/fax 22 55 59 97

Foto: Sund/Alfheim - Program: Ragna Aarli -  
Trykk: Gamlebyen Grafiske

## THALIAS



**D** Thalias Døtre vart grunnlagt i  
**Ø** 1990 av Agnete G. Haaland  
**T** og Ragna Aarli.  
**R** Den første framsyninga var  
**E** Florence Nightingale -  
Kvinne i krig.  
Mozart og Salieri er den  
sjette produksjonen gruppa  
står bak.

## AGNETE G. HAALA

har vore knytt til fleire  
som Pippi Langstrømp,  
*Peer Gynt* og Dorothy i  
ho mellom anna i *Vesta*

*tingale - Kvinne i krig* har  
Noreg, Sverige, Færøyane,  
engelsk versjon i Spania, England og USA. Ho spelar ei av  
hovudrollene i *Kinnaspelet* og *Mostraspelet*. Det var saman  
med Marit Østbye på Riksteaterturné med Ibsens *En folkefi-*  
*ende* at dei to skodespelarane fekk idéen til å gjere *Mozart og*  
*Salieri*.

## MARIT ØSTBYE

gjeikk ut frå Statens Teaterhøgskole i 1973, har arbeidd ved  
dei fleste teatra i landet og er no tilsett ved Riksteatret. Rolle-  
registret spenner frå eit rikt utval Ibsen-roller som mellom  
anna Nora i *Et dukkehjem* og Ellida Wangel i *Fruen fra havet* til  
Dario Fo-framsyningar, hovudrolla i Goldonis *Mirandolina*  
*Vertshus* og roller i *Sesam Stasjon*, *Frida* og *Midt i Smørøyet* i  
NRK. Ho var nyleg med i Tor Åge Bringsværds OL-framsy-  
ning *Nesegrevet* og skal til våren spele Hedda i *Hedda Gabler*  
på Riksteatret. Saman med Agnete har ho turnert landet med  
Riksteater-framsyningar som *En folkefiende*, *Trollmannen frå*  
*Oz* og Ayckbournfarsen *Hjertelig velkommen*.

## JOACHIM KJELSAAS KWETZINSKY

er 16 år gammal og har spela piano sidan han starta i skolen.  
Han fekk 2. pris i Ungdommens Pianomeisterskap i 1993.  
Joachim har medverka både i film og teater: Han hadde  
hovudrolla i kortfilmen *Røkk*, vist i *Midt i Smørøyet* i 1988 og  
har spela Brumlemann i *Klatremus* og *de andre dyrene* i *Hakke-*  
*bakkeskogen*, Bob i *Et dukkehjem* og tittelrolla i Ibsens *Lille Eyolf*  
på Riksteater-turnear.

## HILDE ANDERSEN

gjeikk ut frå regilinja ved Statens Teaterhøgskole i 1982 og  
var fast tilsett ved Nationalteatret fram til 1987, der ho  
mellom anna sette opp *Largo Desolato* av Vaclav Havel og  
*Brødrene Løvehjerte* av Astrid Lindgren. Ho har hatt fleire  
samarbeid med Cecilie Løveid - som instruktør for *Vinteren*  
*rivnar* på Det Norske Teatret, *Balansedame* på Den Nationale  
Scene, *Lydia* i Radioteatret og minioperaen *Dusj* til Festspela i  
Bergen. Ho har arbeidd ved fleire av regionteatra, i Fjern-  
synsteatret og Trøndelag Teater og sette nyleg opp *Kunne*  
*presteenka, så kan vel du* på Riksteatret. I haust har ho hatt  
regien på Susan Sontags Aids-stykke *Slik lever vi nå* i Radio-  
teatret.

